



-Velkommen om bord, seier Dai Davis (66) og Lou Foxley (22). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein fin, gamal engendar tok elegant plass ved bølgebrytaren i Uskedalen søndag ettermiddag. Det var den gaffelrigga seiltrålararen Leader som har 117 år bak seg og som har Brixham i Devon som heimehamn.

Selskapet Trinity Sailing driv chartercruise med Leader og to liknande båtar heile sumarhalvåret, fortel Lou Foxley som tek i mot Uskedalen.no saman med Dai Davis. Ho er 22 og han 66 og det strekar under at ein Leader-seilas er noko for folk i alle aldrar sjølv om dei unge som regel utgjør 70 prosent. Ferda til Noreg denne sumaren, som er nummer to i båten si historie, varar i tre veker og med mannskap er det no 16 om bord.. Maksimal gjestekapasitet er vanlegvis 12.

Dei to andre båtene til selskapet heiter Provident og Golden Vanity og alle vart bygt ved det same verftet ved River Dart. Leader og Provident er to av dei siste Brixham-bygde seiltrålarane som har overlevd til denne dag.

Desse båtene var i seilskutetida svært viktige for den britiske fiske-industrien. Deira grasiøse liner, styrke og fart gjorde dei unike. Det blir hevda at ingen annan farkost kunne trekkja den tunge trålen så effektivt under alle tilhøve og bringa fangsten så raskt til land. Så konkurransedyktige var dei at dei lenge sto imot utfordringa frå dampbåtane. Nokre av dei held fram med fiska heilt til den andre verdskrigen.

Korleis ser så Leader og dei to andre båtene ut i dag? På dekk ser dei nesten ut som då dei heiste segl for første gongen, men under dekk er dei i høgste grad utstyrt for ei moderne rolle.

Vanlegvis siglar desse båtene med eit blanda selskap, men det er også mogeleg for private å chartra heile båten.

I reklamebrosjyra heiter det at eit cruise er ei blanding av aktivitet om bord, turar i land og rein kvile.

Av Ola Matti Mathisen